

ÅRSMELDING VAKSDAL IDRETTSLAG

2018



VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag	
Stifta:	18.11.1925	
Postadresse:	5725 Vaksdal	
E-postadresse:	post@vaksdalil.no	
Internettadresse:	www.vaksdalil.com	
Organisasjonsnummer:	993 534 153	
Banktilknytning:	Sparebanken Vest	
Bankkonto:	Hovudkonto:	3500.07.03026
	Fotballgruppa:	3500.07.03573
	Trimgruppa:	3530.26.69870
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd	

Årsmelding 2018

Vaksdal Idrettslag fekk i 2018 begynt og for det meste gjort ferdig dei største prosjekta me hadde fått tildelt offentlege midlar til, for utvikling av Vaksdal Idrettspark: Volleyballbane, ballvegg og nytt dekke på tennisbana. Idrettslaget har og fått på plass hjertestartar utanfor klubbhuset.

I tillegg har det vore stor aktivitet i dei ulike undergruppene.



Innhald

Innleiing	3
Styret	6
Medlemmer	6
Økonomi	7
Turgruppa	8
Trimgruppa	12
Fotballgruppa	14
Handball	24
Annan aktivitet	26
Vaksdal Idrettspark	28
Takk	34

Hovudstyret 2018

Leiar: Henning Lirhus (ut 2018)
Nestleiar: Dagfinn Trehjell (ut 2018)
Kasserar: Renate Kvitne (ut 2019)
Skrivar: Trygve Thom (ut 2018)
Styremedlem: Elisabeth Faugstad Gullbrå (ut 2019)
Styremedlem: Kim Søndergård (ut 2018)
Varamedlem: Elin Merete Sæterdal (ut 2019)
Varamedlem: Torben Lindholm (ut 2018)

Valnemnd
Malin Sæterdal, Lasse Ulveraker og
Kay Roger Elvheim (ut 2018)

Revisorar
Oddvar Olsnes og Jan Amundsen (ut 2018)

Medlemmer
Talet på medlemmer har halde seg over 300 sidan 2009, og i 2016 passerte me 400 for fyrste gong på mange år. Med tanke på at bygda Vaksdal har om lag 1000 innbyggjarar, vil det seia at nesten halvparten av dei som er busett i bygda, er medlemmer i VIL. VIL sine aktivitetar er sterkt retta mot barn, og til ein viss grad mot unge og vaksne. Dette gjer at variasjon i storleiken på barnekulla vil føra til svingingar

Medlemstal 2009-2018

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
313	372	349	369	367	387	377	448	462	425

i talet på medlemmer frå år til år. Av totalt 425 medlemmer, er 156 under 16 år. Aktivitetsnivået knytt til trimgruppa, og at ein i 2016 starta opp med A-lag i fotball bidreg til å auka andelen vaksne medlemmer. Dette er positivt for idrettslaget og bygda.

Kontingentar:
Barn*: 150,-
Vaksen: 250,-
Familie**: 500,-
B-medlemskap, barn: 50,-
B-medlemskap, vaksen: 100,-
Støttemedlemskap: 150,-
Treningsavgift fotball barn*: 300,-
Treningsavgift fotball vaksne: 500,-
Treningsavgift trim vaksne: 500,- pr. halvår.

- * Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.
- ** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.


Økonomi

Idrettslaget har tilfredsstillande økonomi sjølv om 2018 gir eit underskot totalt sett (inkl. alle grupper og hovudstyre) på ca. kr 482 000. Gjennom fleire år er det satt av midlar til utvikling av idrettsparken og dette er gjennomført i år. Dette er hovedgrunnen til at me totalt sett kjem ut med eit underskot. Ser ein vekk frå inntekter/kostnader knytta til prosjektutvikling av Idrettsparken, har me eit overskot på kr 152 000 (interne transaksjoner er korrigert bort).

Inntektene kjem frå Norges Idrettsforbund, Vaksdal Kommune, grasrotmidlar, sponsoravtalar og medlemskontingent samt treningsavgifter.

Det er ikkje eit mål i seg sjølv at Idrettslaget skal gå med store overskudd. Det er viktig med ein tilfredsstillande økonomi der ein og kan sette av litt pengar kvart år til framtidige investeringar. For øvrig bruker ein midlane til det beste for medlemmene av Idrettslaget. Vaksdal Idrettslag har svært låge satser på medlemsavgiftar og treningsavgifter. Det forsøker ein så langt ein kan å oppretthalda og framover. Me er eit Idrettslag med høg grad av frivillig innsats og det er svært lite godtgjersle for alt arbeidet som trenarar, styremedlemer og andre legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Rekneskap (talet i parentes er ekskl. prosjektet for idrettsparken):		
Inntekt:	990 816	(601 816)
Kostnader:	1 472 846	(449 448)
Driftsresultat:	-482 029	(152 368)
Res. etter renteinntekt:	-479 172	(155 225)



materiale til skilt som skal utplasserast ved turmål.

Turgruppa

Turgruppa har hatt arrangement gjennom heile 2018, og hovudprioriteringa har vore familievennlege turar i nærområdet.

Styret 2018

Leiar: Elisabeth Gjessing (ut 2018)

Styremedlem: Aina Ulveseth (ut 2018)

I 2018 fekk kommunen også eitt eige lokale tur-lag under Den Norske Turistforening. DNT Vaksdal hadde sitt første arrangement i januar 2018 («Kom-deg-ut-dagen» med skileik i Bergsdalen og i Eksingedalen). Det har gjort behovet for å arrangera meir omfattande turar mindre. Det har også vore arbeidd vidare med eit kultursti-prosjekt som vart starta opp i 2017, saman med Vaksdal kommune og Vaksdal skule, der skulen har lagt ned ein stor innsats med å samla inn informasjon og produsera tekstar og visuelt

Turar


Turgruppa har arrangert ein kveldsmattur i sommarhalvåret nær ein gong i månaden. Nokre turar har vore felles med idrettskulen, og det har vore turar til gapahuken på Tveitane, Trolls-anipa, Sildastadskjæret og Ardalen. Det har vore lagt til rette for aktivitetar som grilling, bading, gøymespel og testing av kajakk, avhengig av turmål og årstid. Særleg har gapahuken på Tveitane vorte brukt som mål for turane. Tidleg i juni inviterte turgruppa for fjerde år på rad ti overnattingstur i Skipshelleren, og same månad var det familietur til Hananipa, med godt frammøte. Siste kveldsmattur for sesongen var i desember, med lommelykter til Ardalen, og bål og grilling under ein stjerneklår himmel. 2. juledag var det tradisjonen tru romjulsmarsj frå Vaksdalsgarden til Boge med innlagt rebus, servering av varm drikke og sal av medaljer.

Turregistering

Vaksdal Idrettslag har årleg hatt utplassert turpostkassar i Herfindalen, ved Bogavatnet, på Idlestien (kortturar) og ved Vardatjørnane, Blåfjellet og Dyrdalsskaret (langturar). Nye turkassar vart i år utplassert ved Tiinnamyra nær Trolsannipo, der ein kan gå vidare til både Bogavatnet og Blåfjellet, og Kåresteinen/Blekahaugen på stien til Jamnesåta. Det vart trekt ut seks vinnarar av gavekort frå G-sport i november: Sverre Erstad, Live Erstad, Kari Brørvik, Harald Olsnes, Vaida Gelumbickaite og May Hege Hammersvik.



Skipshelleren.



Trimgruppa

Trimgruppa er ansvarleg for treninga som skjer inne i samfunns-salen.

Styret 2018

Leiar: Kine Walde Bjørsvik (ut 2018)
Skrivar: Line Kydland (ut 2018)
Kasserar: Christine Kvam (ut 2019)
Styremedlem: Maren Amanda Thorkildsen (ut 2018)

Styret i idrettsskulen

Leiar: Aina Ulveseth (ut 2018)
Skrivar: Anita Korsrud (ut 2018)
Styremedlem: Sandy Fritzsche (ut 2018)

Barnetrim (småbarn fram til skulestart) har hatt godt oppmøte og fått mange gode tilbakemeldinger fra foreldre. Aktiviteten er

foreldrestyrt, og det har fungert ganske bra.

Idrettsskulen

Idrettsskulen har blitt arrangert med ulike tema/idrettsgreiner over en gitt periode. Organiseringa av dei ansvarlege for idrettsskulen har vore god, og tilbakemeldingar frå barn og foreldre er også gode. Oppmøtet har vore bra, og det er ønskeleg å fortsette med denne forma for organisering.

Turn

Det har vore organisert turn for jenter i barneskulealder. Dette har vore veldig populært, og me håper me kan få til eit godt turnmiljø vidare.

Basisball

Populær treningsform med jevnt godt oppmøte.

Zumba

Zumba har halde på nokre år no med to treningar per veke. Interesse har vore litt synkende, så me vel å redusere til ein dag per veke våren 2019.

Step/styrke

Jevnt oppmøte på dei to treningane per veke i 2018, og me fortsett med to treningar i 2019.

Mål for 2019

Me ønskjer å fortsette med dei aktivitetane me har. Det er per no ingen planar om oppstart av nye aktivitetar, men trimgruppa er open for forslag. Me ynskjer å styrka dei aktivitetane me har gjennom innkjøp av nytt utstyr til turn og litt til barnetrim, samt kursing av trenarar/instruktørar.

Me ynskjer å lage nye retningslinjer og satser for betaling av trenarar, då denne praksisen har blitt ulikt gjennomført.

Me har hatt ei synkende innbetaling av treningsavgift, og trimstyret stiller seg open for moglegheiten for at denne aukast.

Fotballgruppa

Fokusområdet byggjer på Norges Fotballforbund sin visjon: «Fotballglede, muligheter og utfordringer for alle».

Styret 2018

Leiar: Johnny Falkanger (ut 2018)

Skrivar: Morten Eintveit (ut 2018)

Kasserar: Cecilie Kleiveland

Styremedlem: Per Solhaug (ut 2018)

Styremedlem: June Eide Viken (ut 2018)

Styremedlem: Elin Boge (ut 2018)

Fotballgruppa har vore opptatt av å:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane på Vaksdal
- Gje eit tilbod til alle interesserte så langt som råd
- Utnytte ressursane og moglegheitene og byggje opp under engasjement

Lagleiarfunksjon for alle laga er ein konkret vinkling i høve til punktet om å utnytte ressursane og moglegheitene og byggje opp under engasjement. Dette har vore praktisert på dei fleste lag i fleire år no, og ser ut til å fungere godt.



Aktivitet

Det er alltid store variasjonar i årsklassane på Vaksdal. Dei siste åra har det vore relativt talrike kull, og Vaksdal IL er klubben i kommunen med flest lag og aktive spelarar. Me er såleis no inne i ein periode med svært mange potensielle aktive fotballspelarar. Det syner seg at svært mange vel å delta i fotballaktivitetane. Talet på aktive spelarar i 2018 har vore 126, inkludert spelarar frå andre bygder som spelar her (2017: 126, 2016: 131). Det har vore 11 aktive lag i dei aldersbestemte årsklassane.

Seriespel

Fotballgruppa har generelt som utgangspunkt at ein fyrst og fremst skal stille lag lokalt på Vaksdal. Samarbeid kan vere ei løysing i ein-skilde tilfelle, men å få til ulike samansettin-

gar lokalt på Vaksdal før ein vel løysingar med samarbeidslag med naboklubbane, må vera førsteprioritet. Me trur at flest mogleg vil halde fram som aktive dersom me har eit tilbod på Vaksdal. Det er likevel positivt med samarbeid mellom klubbane når det gjev positiv effekt på den samla aktiviteten og bidrar til å unngå fråfall. I ungdomsfotballen er det såleis mest aktuelt med slikt samarbeid. Dette har vore ein fast haldning frå fotballgruppa over fleire år. Dei fleste trenarane/ lagleiarane har ynskt å melde på laget sitt i Bergensområdet (region Bergen Nord). Kretsen har tidlegare vore positive til å la oss gjere det, sjølv om me i utgangspunktet er sett opp i regionen Voss/Hardanger.

Cupar

Laga våre har elles delteke i ulike cupar, og som

vanleg er det populært å delta i ulike innandørs-cupar i Bergensområdet, særleg Vestlandshallen, men me har og hatt lag på Ål-cup, Oddvar Bjelde-cup og Eat-move-sleep-cup. Fotballstyret vil framleis løpande vurdere om ein treng retningslinjer for kor mange cupar dei einskilte laga kan delta i, betalt av fotballgruppa. Dette for at det skal verte ei rettferdig fordeling av midlar. Me ser det som positivt at laga deltek på ulike cupar/turneringar. Så lenge økonomien tillet det, har det ikkje vore grunnar til innstramming i samla deltaking på cupar.

Dommarkurs

Det har i 2018 vore arrangert eit dommarkurs på Vaksdal der 13 dommarar deltok.



Sparebanken Vest-cup

Det viktigaste arrangementet for fotballgruppa er Sparebanken Vest-cup. Det er alltid eit fokus på å utvikle Sparebanken Vest-cup som arrangement. I 2018 deltok 20 lag, mot 26 lag i 2017, så det var ein liten nedgang her. Laga kom frå Dale, Samnanger, Stanghelle og Vaksdal. Det var eit godt og vellukka arrangement.



Lokaloppgjer

Lokaloppgjera mot Dale trekkjer alltid mykje publikum. A-laget (senior herre) behaldt plassen i 5. divisjon etter å først ha rykt ned. Årsaken var at eit av 5. divisjonslaga trekte seg frå serien, og Vaksdal låg best an i høve til å behalda plassen.







Handball

Vaksdal sine håndballjenter spelte våren 2018 andre del av sesongen 2017/2018 i C-serien.

Leiar: Maren Amanda Thorkildsen

Jentene hadde tre kampar att mot Odda og Dale. Alle desse kampane endte med tap. I vårsesongen var det totalt tolv jenter som spelte håndball på Vaksdal. Me hadde ein spelar med dispensasjon då ho var eit år for gammal til å spele i serien for jenter 12 år. I snitt var det ti jenter på kvar trening. Treningane har me hatt i Turbinen torsdagar kl 18 – 19.30, då på 1/3 av heil bane.

Ved påmelding til sesongen 2018/2019 meldte me jentene på i serien J13, C-serien, fortsatt for nybegynnarar.

Resultat etter halvspelt sesong, hausten 2018, viste at Vaksdalsjentene har gått på ein del store tap i haustsesongen. C-serien skal vera ein nybegynnarserie, men ein ser at det samtidig blir ein serie der store klubbar frå Bergen har eit tredje lag med pga. mange spelarar. Både Løv/Ham og Lyngbø har lag i A- og B-serien for jenter 13 år, men spelarane er dei same og dei rullerer på kven som spelar kampar i C-serien.

Vaksdal sine jenter tar tapa med fatning, og held stort sett motet oppe i kampane. Vaksdal har vore kamparrangør på ein kamp. Her hadde me open kafe og fekk inn litt pengar til klubbkassen. Eg opplever at det er svært god



dugnadsånd hos foreldra, og dei stiller velvillig opp! Frå me starta opp att treningane etter sommarferien har me hatt heil bane i Turbinen. Dette er svært nyttig, og ein får trent både på å kontra og på etablert spel. Me har trening kvar torsdag kl 18.00 – 19.30. Frå haustsesongen starta har me hatt 13 jenter på laget. Ei av desse har dispensasjon fordi ho er eit år for gammal til å spele i serien for jenter 13 år.

Fire av jentene er frå Vaksdal, dei resterande ni er frå Stanghelle. Det har vore i snitt ti spelarar på kvar trening. Stian Jordalen har to jenter på laget, og han har stort sett vore med og bidrege på dei fleste treningar og kampar. Dette er til stor hjelp. Det er svært godt samhold og miljø i laget. Før sesongen 2018/2019 vart det kjøpt inn nye drakter og ballar til jentene.

Me hadde juleavslutning med julesnacks og pakkeleik etter siste kamp før jul, 09.12.18.



ANDRE AKTIVITETAR

Open gymsal

Også i 2018 har idrettslaget initiert «open gymsal» for å tilby alternative og meir konstruktive møteplassar. Med open gymsal er det lagt opp til at ungane/ungdommane får disponera Vaksdal samfunnssal i det aktuelle tidsrommet med den aktiviteten dei sjølve legg opp til (så lenge aktiviteten er inkluderande og av ein slik karakter at alle kan trivast). Det er alltid vaksne til stades. Bak tilbodet står Vaksdal IL i dialog med Vaksdal kommune. Ordninga har vore prøvt ut fleire fredagar for aldersgruppa 7. – 9. klasse. I romjula vart det arrangert open gymsal utan aldersdefinisjonar. Over tretti nytta seg av tilbodet.

Romjulsmarsj

Også i år vart det arrangert romjulsmarsj, i heller ruskete vêr. Den tradisjonsrike romjulsmarsjen går frå Vaksdal skule til Ytre Boge, med innlagt rebus.

Ny avtale med G-Sport og Hummel

Vaksdal IL. har tegna ny avtale med G-Sport i 2018. Samtidig bytta me frå Umbro til Hummel som utstyrleverandør. Denne avtalen varer ut 2021. Avtalen gir alle medlemmer 10 % rabatt ved kjøp at utstyr hjå G-Sport. Ved samla kjøp på felles lagskveldar får me ytterlegare rabatt på klubbkolleksjon. I tillegg får Vaksdal IL kick-back etter fastsatte satsar på alt kjøp som blir registrert under avtalen. Det er derfor viktig at alle medlemmer bruker avtalen når dei handler hjå G-sport. Det er GMAX Åsane som er idrettslaget sin nærmaste butikk

Hjertestartar

Vaksdal Idrettslag fekk ein hjertestartar sommaren 2018. Denne heng godt synleg på veggen på utsida av klubbhuset. Det vert jobba med å få i stand et kurs for trenarar og lagleiarar.



Eit nytt tilbod dukka opp for løpsinteresserte på Vaksdal og i nabobygdene: Intervalltrening på Vaksdal Idrettsplass laurdag føremiddagar. Før jul vart det også arrangert nisseløp med godt oppmøte, der inntekter frå startkontingenten gjekk til Redd Barna.



VAKSDAL IDRETTSPARK

2018 var året då neste steg i utvikling av Idrettsparken verkeleg tok til. All planlegginga frå tidlegare år skulle no bli realitetar. I hovudsak har det blitt jobba med å lage ei volleyballbane, få opp ein ballvegg og legge nytt dekke på tennisbana. Det har også komme opp ny og betre belysning til volleybana, 5-ar bana, leikeplassen og området rundt klubbhuset. Innkjøp av innbytarbenker fann ein òg rom for i 2018, og dette har vore godt mottatt i periodar med ruskevær.

Volleyballbane

Grunnarbeidet for volleybana er ferdigstilt, kunstgrasdekket er lagt og markhylser til multistengene er støypt ned. Dekket er utan granulatfyll og er på den måten meir miljøvenleg. Matta skal skjerast meir til og bana skal merkast før ein er klar til ny aktivitet med volleyball, fotballtennis og badminton.

Ballvegg

På langsida er det etablert ein stor ballvegg i tre der ein kan driva eigentrening eller leika saman med ulike ballspel. Dette trur me vert populært og det legg til rette for uorganisert aktivitet for kven som helst.

Tennisbane

Tennisbana har fått nytt dekke. Den raude grusen har blitt erstatta med eit lag dreneringsasfalt. Denne skal ein prøva ut i ein periode og evaluere om dekket er tilstrekkeleg eigna. Viss det skulle vera behov og finansiering seinare, er det mogleg å leggja kunstgrasdekke med sandfyll på asfalten. Brukstida vil auka med vedlikehaldsfritt dekke som kan brukast i all slags vær, og bana vil stå open til fri disposisjon.

Finansiering

Prosjekta har hatt ei ramme på totalt ca 1,4 millionar inkl. mva. Kommunen har i tillegg bidratt med ekstra midlar til asfaltering av større område for å hindra granulatflukt. Dei største postane i budsjettet er grunnarbeid og asfaltering levert av Dale Entreprenør, og belysning og elektrisk arbeid levert av Sæterdal Elektro. Vidare har kunstgrasdekket, ballvegg og diverse utstyr og materiell representert viktige postar i budsjettet. Vaksdal Idrettslag har spart opp midlar i fleire år og har klart å forskuttera både moms og spelemidlar til utviklinga. Til årsmøtet for 2018 er prosjektet ca 90% ferdig, men alle fakturaer er ikkje motteke og prosjektrekneskapen kan ikkje avsluttast. Ein del uforutsette utgifter har dukka opp, men ein kan likevel forventa at prosjektet landar fint i nærleiken av budsjett, med momsrefusjon og spelemidlar på bok i løpet av 2019.





Opprusting av garderoben: A-lagsspelarane og støtteapparatet rusta i løpet av ei helg opp heimegarderoben i klubbhuset, med klubbfargar og innslag av lagets nye visuelle profil, som vart tatt i bruk i 2018.

Nye spelarbenkar: Ein av fleire oppgraderingar på Vaksdal Idrettspark i 2018. Benkane vart tatt i bruk til Sparebanken Vest-cupen, og vart fort populære.



Takk

Vaksdal Idrettslag takkar alle som er med og legg til rette for stort aktivitetsnivå, og som bidreg til å skapa gode møteplassar for store og små i bygda.



Vaksdal Idrettslag
www.vaksdalil.com